

Innkalling
av
Alver formannskap

Møtedato: 02.06.2022

Møtestad: Helsehuset, møterom Nordhordland

Møtetid: 09:00 -

Eventuelle forfall må meldast til <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>

Varamedlemmer møter berre etter nærmere avtale.

Kl. 09:00 Generalforsamling KIM
ca.kl. 09:15 Generalforsamling Alver Tomteselskap
ca.kl. 09:30 Styringsgruppemøte Miljøløftet

Sakliste

Saknr	Tittel
060/22	Godkjenning av innkalling og saksliste
061/22	Godkjenning av møteprotokoll
062/22	Mogeleg sal av kommunal grunn gbnr 424 bnr 197 fnr 1 – Bøvågen
063/22	Rehabilitering av tak Alver kommune
064/22	Auka ramme Ostereidet kunstgras
065/22	Skilting av kommunale bygg og anlegg
066/22	Byggeprogram - bufellesskap
067/22	Manger reinseanlegg - behov for auka ramme
068/22	E39 Oval rundkjøring - kommunal del - behov for auka ramme
069/22	Årsmelding 2021
070/22	Årsrekneskap 2021 for Alver kommune
071/22	Finansrapport 2021
072/22	1.tertialrapport 2022
073/22	Miljøløftet - Handlingsprogram 2023 - 2026
074/22	Markeringar ved jubileum i lag og organisasjonar, og ved deltaking i nasjonale og internasjonale meisterskap
075/22	Organisering av TV-aksjonane i Alver
076/22	Politisk styringsstruktur og reglement - evaluering
077/22	Melding/orientering til formannskapet 02.06.2022

Sara Hamre Sekkingstad
ordførar

Tove-Mette Arnø Fyllingen
møtesekretær

Arkiv: <arkivID><jpID> FE-033

JournalpostID:

Sakshandsamar:

Dato: 25.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
060/22	Alver formannskap	02.06.2022

Godkjenning av innkalling og saksliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Arkiv: <arkivID><jpID> FE-033

JournalpostID:

Sakshandsamar:

Dato: 12.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
061/22	Alver formannskap	02.06.2022

Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

Vedlegg i saken:

06.05.2022 Protokoll - Alver formannskap - 05.05.2022 1735395

Arkiv: <arkivID><jpoID> FE-
610

JournalpostID:

Sakshandsamar:

Dato: 16.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utvål	Møtedato
062/22	Alver formannskap	02.06.2022
	Alver kommunestyre	

Mogeleg sal av kommunal grunn gnr 424 bnr 197 fnr 1 – Bøvågen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner at Bøvågen småbåtlag får tilbod om å kjøpe gnr 424 bnr 197 fnr 1 for takst sett til kr. 144 000,- på følgjande vilkår:

1. Ålmenta skal ha rett til fri ferdsel på eigedommen.
2. Alver kommune har rett til å kjøpe tilbake eigedommen til salspris inkludert indeksregulering, dersom småbåtlaget ein gong i framtida vert avvikla. Pris for eventuelle investeringar gjort på eigedommen skal vurderast særskilt ved eit tilbakekjøp.

Tilboden står ved lag seks månader frå vedtaksdato.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskap og skal avgjerast i kommunestyret.

Bakgrunn

Alver kommune har motteke søknad frå Bøvågen Småbåtlag om å få kjøpe communal eigedom gnr 424 bnr 197 fnr 1 i Bøvågen. Eigedommen er markert i gult på kart under og er pr i dag festa av Bøvågen småbåtlag.



Kart over aktuelt areal er vist markert i gult

Oversiktskart

Eigedommen ligg innanfor 100 m-sona til sjø. I tråd med vedtekne retningslinjer for sal av communal eigedom i Alver kommune bør areal i strandsona vurderast politisk før eit eventuelt sal.

Småbåtlaget festar i dag tomta etter festeavtale av 09.07.86. Småbåtlaget betalar ikkje festeavgift ettersom det vart avtalt at småbåtlaget skulle få disponere arealet gratis når dei kosta og bygde veg fram til og gjennom området, jf pkt 2 i festeavtala (sjå vedlegg 1).

Dette vilkåret har småbåtlaget oppfylt.

Bøvågen småbåtlag søker no om å få kjøpe tomta. Bakgrunnen er at laget ønsker å bygge et lagshus på eigedomen. Et slikt bygg vil innebere større investeringer for laget, i tillegg til dette har småbåtlaget allereie investert mykje i eigedomen i tida dei har festa tomta. Småbåtlaget sitt ønske er difor å eige arealet før dei gjer ytterlegare investeringar på eigedommen.

Saksopplysninger:

Bøvågen Småbåtlag er eit båtlag der dei fleste medlemmane kjem frå Bøvågen-bygda og/omogn. Småbåtlaget har i dag 80 medlemmer og 90 båtplassar. Hamneområdet som småbåtlaget disponerer er ope for alle i bygda, anten dei er medlemmar i båtlaget eller ikkje. Leigeinntektene til småbåtlaget er låge. Mykje av forvaltning, drift og veldikehald vert gjort på dugnad. Dei siste åra har småbåtlaget tilrettelagt hamna med sitjeplassar og oppholdsareal og ein badeplass som er mykje i bruk. Bubilar har også høve til å nytte området. Småbåtlaget stadfestar at dei vil halde fram med å tilrettelegge og halde området ope slik at ålmenta har tilgang til området.

Vurdering:

Ettersom Småbåtlaget ikkje betaler festeavgift har kommunen ikkje vurdert innløysingssum for tomta i tråd med tomtefestelova. Vidare er ikkje arealet registrert som hus eller fritidseigedom noko som gjer at tomtefestelova heller ikkje er gjeldande for ei evt. innløysning. Innløysing vert dermed basert på gjeldande festeavtale eller at begge partar ønskjer det.

Kommunedirektøren vurderer at ettersom dette er eit areal Bøvågen småbåtlag har festa og investert i over lang tid er det rimeleg at dei og skal få moglegheit til å kjøpe det. Kommunen sjølv har ikkje behov eller høve til å utvikle arealet. Dersom kommunen godkjenner sal vil det vere naturleg at kommunen set vilkår for salet.

Det er to vilkår som ein vurderer er aktuelt i denne saka.

1. Ålmenta skal ha rett til fri ferdsel på eigedommen om den blir sold til småbåtlaget.
2. Kommunen skal ha rett til å kjøpa tilbake eigedommen til salspris inkludert indeksregulering, dersom småbåtlaget ein gong i framtida vert avvikla. Pris for eventuelle investeringar gjort på eigedommen skal vurderast særskilt ved eit tilbakekjøp.

Dei aktuelle vilkåra er presentert for småbåtlaget og dei er samde i desse.

I tråd med gjeldande retningsliner for sal av eigedom i Alver kommunen er det innhenta takst på arealet av uavhengig takstmann. Taksten er basert på marknadsverdien på tomta og er sett til 144 000 kr. Taksten ligg som vedlegg til saka (sjå vedlegg 2).

Ved eit eventuell sal vil kjøpar/ småbåtlaget også måtte bere kostnadene med å få overført eigedommen til seg.

Vedlegg i saken:

25.05.2022	Vedlegg 1- Festekontrakt gnr 424 bnr 197 fnr 1- Bøvågen småbåtlag	1742189
25.05.2022	Vedlegg 2 - Takstrappo gnr 424 bnr 197 fnr 1 – Bøvågen	1742190

Arkiv: <arkivID><jpID> FE-
614, TI-&46
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 09.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
063/22	Alver formannskap	02.06.2022
	Alver kommunestyre	

Rehabilitering av tak Alver kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek prosjekt rehabilitering av tak ved Lindås bu- og servicesenter, Sæbø barnehage og Fysak-hallen ved Sagstad skule med oppstart i 2022. Det vert løyvd 7,1 mill kr inkl mva til arbeidet, finansiert med auke i bruk av lånemidlar 5,68 mill. kr og momsrefusjon 1,42 mill. kr

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskap

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Utskifting av taktekkinga på fleire kommunale bygg har blitt utsett over fleire år, fordi det har vore nødvendig å prioritere meir akutte saker.

Gjennom kartlegginga av tilstanden på dei kommunale bygningane som er gjort i 2020 og 2021, er det oppdaga at vedlikehaldsbehovet er større enn venta. Dette gjeld m.a. taktekkinga, der det er oppdaga hol og lekkasjar som med fare for omfattande skader på bygningane.

Dette vil bli oppdatert i den fire-årige vedlikehaldsplanen og behov for midlar vil bli spelt inn til den ordinære budsjettprosessen. For dei tre bygningane som blir fremja no, er skadene såpass store at det er behov for tiltak allereie i 2022. Jf tilsvarande sak knytt til Solhallbygget på Manger (KO-017/22). Tiltaka som trengs for rehabilitering / oppgradering er for omfattande til at dei kan løysast innafor ordinært driftsbudsjett. Vedlikehaldsbudsjettet er allereie bunde opp, jf KO-sak 053/22.

Saksopplysningar:

Ein vasslekkasje inne i bygningskonstruksjonen vil føre til sopp-danning og skade på både bygningsmessige og tekniske installasjonar.

Slike skader kan over tid føre til at bygningen må stengast pga dårlig inneklima.

Tilstanden på taka er kartlagt i oversikten under her. Taka har varierande alder.

Taka med takstein har ein alder på 27 - 60 år, medan for taka med skiferstein varierer alderen frå 70-90 år. Taket med folie har ein alder på ca 50 år. Betongtakstein av dårlig kvalitet er årsaka til at det er med eit tak som kun er 27 år.

Når det oppstår ein taklekkasje så vil kommunen i første omgang utbetre skaden innafor rammene i ordinært driftsbudsjett. Etter kvart som taket vert eldre så vil omfanget av lekkasjar verte større. Utgiftene til reparasjon

av taktekking og påførte følgeskadr på bygningen vil etterkvart verte så store at ein ikkje kan ta det over driftsbudsjettet. Det er også krevjande å bevega seg oppå tak med därleg/ porøs taktekking då det er lett for at ein påfører taktekkinga nye skader, med påfølgande lekkasjar.

Taka som er tekka med skiferstein representerer også ein fare for personar som ferdast rundt bygga, då det er fare for at at skiferstein kan skli ned frå taket. Dette skjer pga at spiker som heldt skifersteinen på plass rustar vekk.

Kostnadsoversikt over tak som bør rehabiliterast i 2022

Bygg	Taktekking	Omfang	Sum inkl. mva
Lindås bu og servicesenter	Takstein	Heile taket	Kr 5.700.000,-
Sæbø barnehage	Takstein	Heile taket	Kr 800.000,-
FYSAK-hallen Sagstad skule	Takstein	Heile taket	Kr 600.000,-
Estimerte kostnader rehabilitering tak 2022, inkl mva			Kr 7.100.000,-

Kostnadsoversikt over tak som bør rehabiliterast i 2023

Bygg	Taktekking	Omfang	Sum inkl. mva
Lindås ungdomsskule	Skiferstein	Heile taket på gammeldelen	Kr 5.800.000,-
Ostereidet basseng/gymbygg	Takfolie	Heile taket	Kr 3.200.000,-
Marihøna Barnehage	Takstein	Heile taket	Kr 750.000,-
Estimerte kostnader rehabilitering tak 2023, inkl mva			Kr 9.750.000,-

Kostnadsoversikt over tak som bør rehabiliterast i 2024

Bygg	Taktekking	Omfang	Sum inkl. mva
Knarvik gamle barneskule	Takstein	Den delen av bygget som er nærmest FV 57	Kr 1.100.000,-
Knarvik ungdomsskule	Takstein	Byggetrinn frå 1979	Kr 2.500.000,-
Meland kommunehus	Takstein	Delen frå 1985	Kr 1.250.000,-
Estimerte kostnader rehabilitering tak 2024, inkl mva			Kr 4.850.000,-

Kostnadsoversikt over tak som bør rehabiliterast i 2025

Bygg	Taktekking	Omfang	Sum inkl. mva
Alversund gamle barneskule	Takstein	Det høgste taket/ adm. delen	Kr 3.300.000,-
Myking skule	Skiferstein	Den eldste delen	Kr 600.000,-
Frekhaug gamle brannstasjon/ BUA	Takstein	Heile taket	Kr 400.000,-
Estimerte kostnader rehabilitering tak 2025, inkl mva			Kr 4.300.000,-

Sum estimerte kostnader rehabilitering tak 2022-25, inkl mva	Kr 26.000.000,-
---	------------------------

Vurdering:

Forventa levetid for tak som er tekka med betongtakstein er ca 40 år, medan for skiferstein er forventa levetid 80-100 år. Takfolie har ein forventa levetid på ca 35 år.

Tilstanden på undertaket vil også påvirke kor tid ein bør rehabilitera taket.

Basert på at taka i oversikten over stort sett har høg alder i forhold til forventa levetid, så vurderer kommunedirektøren at det ikkje er formålstenleg å utføra mindre utbetringar. Kommunen kan uansett risikere å måtta skifte taka innan kort tid, slik at mindre utbetringar no vil føre til ein auke i totalkostnadene.

Kostnadene med å rehabilitera taka i oversikten over er basert på estimat og tidlegare pristilbud på tilsvarende tiltak utført i 2021/22. I tillegg må ein rekne med at det kan vere skader på undertak og konstruksjonar som ein ikkje kan oppdaga før etter at taktekking er demontert.

Ut frå tilstanden på taka så anbefaler kommunedirektøren at det blir starta rehabilitering av tak på tre bygg i 2022. Øvrige behov og tiltak blir å komme tilbake til i budsjettprosessen.

Arkiv: FE-202, TI-&61
JournalpostID: 22/36262
Saksbehandler: Atle Vaage
Dato: 19.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
	Alver formannskap	
	Alver kommunestyre	

Auka ramme Ostereidet kunstgras

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

«Kommunestyret vedtek å auke ramma for rehabilitering av Ostereidet kunstgras med 1 million inkl mva. Totalramma for prosjektet vert auka tilsvarende til 10,6 mill inkl mva.

Budsjettendringa i 2022 vert finansiert slik:

- 0,2 mill. kr i momsrefusjon
- 0,8 mill. kr i auka bruk av lånemidlan»

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet.
Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Bakgrunn

Tilboda etter anbodsrunde for prosjektet Ostereidet kunstgras viser at løyvd ramme til prosjektet kan bli for låg dersom det kjem store, uføresette utgifter. Det er difor nødvendig å etablera ein noko større økonomisk usikkerheitspost i prosjektet.

Saksopplysninger:

Rehabilitering av anlegget på Ostereidet står i kommunen sin anleggsstrategi. Innhaldet i prosjektet er utarbeidd i samarbeid med Alver idrettsråd, Eikanger IL og skulane på Ostereidet.

Kommunestyret vedtok i desember 2021 at prosjektet skulle gjennomførast i 2022. Ei arbeidsgruppe bestående av eidegom, kultur, idrettslag og skulane utarbeidde i tida januar-mars 2021 framlegg til innhald og kostnadsoverslag. Etter arbeidet i gruppa, vedtok kommunestyret i april 2022 ei ramme på 9 590 000 for rehabilitering av anlegget.

Prisane innan bygg og anlegg har auka kraftig i løpet av kort tid. Innkomne prisar viser at prosjektet førebels ligg innanfor ramma, men at denne kan bli for låg dersom det kjem større, uføresette kostnadar.

Leverandør av kunstgras er avhengig av ein lengre periode med stabilt opphaldsvær for å kunna lima kunstgraset og fylla inn støttelaget av sand. For å gjera det mogleg å bli ferdig før hausten, var det nødvendig å starta demontering og grunnarbeid 18.05.2022. Det er difor allereie inngått kontrakt på grunnarbeid og lys, og påløpt betydelege kostnadar.

Ei utfordring for prosjektet på har vore at det ikkje ligg føre teikningar av utført grunnarbeid frå anlegget vart bygd i 2001. Det er difor usikkerheit knytt til endeleg kostnad for fjerning av gamle fundament for lysanlegg, installasjonar knytt til handtering av overvatn frå skuleområdet og gjenbruk av delar av det elektriske anlegget. Det har heller ikkje vore mogleg å fastslå om området kor det no skal byggast fundament for ringmur og gjerde, vart masseutskifta i 2001. Skulle det bli behov for sprengingsarbeid eller større masseutskifting, vil dette auka kostnaden.

Det er difor behov for å ha ein noko større usikkerheitspost i gjennomføringa av prosjektet.

Økonomi:

Endring i denne saka viser nytt kostnadsoverslag etter anbodsrunde, samt kostnadsoverslag på tiltaket trapp i nordaustre hjørnet av bana.

Tiltak	Opphavleg ramme	Ny ramme i sak 046/22	Endring i denne saka	Framlegg om nytt totalbudsjett
Ramme ekskl usikkerhet	6 000	7790	750	8540
Usikkerhet	0	1800	250	2050
Dreneringstest. Rådgjevande ingeniør grunnarbeid, speledekke og lysanlegg. Ansvarleg søker byggesak og byggesaksgebyr.			300	300
Grunnarbeid og lysanlegg			5 200	5 200
Demontering, avhending og montering av nytt speledekke.			3 350	3 350
Etablara ståltrappe ned frå parkeringsplass nordaust hjørnet.			500	500
Totalt			9 350	9 350
Føreslått ny ramme inkludert usikkerheit		9 590	1 000	10 590
Alle tal i heile 1000 kr				

Vurdering

Behovet for rehabilitering av anlegget vart godt dokumentert i prosjektrapporten som låg til grunn for kommunestyre-vedtaket i april 2022. Vurderinga no dreier seg difor berre om økonomiske tilhøve.

Slik det ser ut, vil prosjektet bli gjennomført innanfor den vedtekne ramma. Men det ligg betydeleg usikkerheit kring grunnarbeidet. Det er difor nødvendig å setja av ei ramme høg nok til å sikra at arbeidet ikkje stoppar opp dersom ein møter på uføresette kostnadar.

Ved ei eventuell utsetjing må kommunen måtta rekna med betydeleg kostnad for allereie utført arbeid, og kostnad for å avbryta kontrakt for grunnarbeid. I tillegg vil Eikanger IL i praksis bli utanbane hausten 2022 og våren 2023. Per no er det heller ingen ting som tyder på at prisnivået vil vera lågare neste år.

Å redusera innhaldet for å spara kostnadar er vanskeleg. Både kunstgraset og lysanlegget er i ein slik tilstand at dei må rehabiliterast. Den siste store kostnaden er betongmur og gjerde. Dette tiltaket er knytt opp til ureiningsforskrifta sine krav om fysisk barriere rundt baner med gummigranulat. Å ta ut mur og gjerde, vil difor i praksis krevja ny anbodsprosess for ein annan type banedekke. Tida som krevst for ein slik prosess vil føra til at bana ikkje vert ferdig i 2022.

Både vedtatt utsetjing og endring av innhald vil medføra at ein ikkje kan oppfylla det politiske vedtaket om å rehabilitera anlegget i 2022. Begge alternativ vil ha som konsekvens at Eikanger IL vil bli utan bane hausten 2022 og våren 2023. Begge alternativa vil medføra betydelege, påløpte kostnadar. Reduksjon av innhaldet for grunnarbeid og lysanlegg, kan vidare setja kommunen i erstatningsansvar i høve inngått kontrakt. Det er pr i dag ikkje noko som tilseier at prisnivået vil gå ned til neste år.

Ut frå dette tilrår kommunedirektøren at ramma vert auka, slik at prosjektet kan gjennomførast etter planen i 2022.

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-
612, FA-L65
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 19.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
065/22	Alver formannskap	02.06.2022
	Alver kommunestyre	

Skilting av kommunale bygg og anlegg

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

«Nytt investeringsprosjekt med budsjetttramme på totalt 5 mill. kr vert oppretta for å gjennomføre prosjekt for skilting av kommunale bygg. I 2022 vert det budsjettet med 1,0 mill. kr inkl. mva og dei resterande 4 mill. kr inkl. mva vert å legge inn i budsjettet for 2023.

Budsjettendringa i 2022 vert finansiert slik:

- 0,2 mill. kr i momsrefusjon
- 0,8 mill. kr i overføring frå drift til investering

I driftsrekneskapen inneber dette følgjande budsjettendringar:

- Auke i bruk av disposisjonsfond med 0,8 mill. kr., som vert å ta av samanslåingsmidlar avsett på formålsbestemt disposisjonsfond.
- Auke i overføring til investering med 0,8 mill. kr»

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskap

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Alver kommune har ein del gjenståande arbeid knytt til utvendig profilering av bygg og eigedommar etter kommunesamanslåinga. Det er ønskjeleg å fullføra arbeidet med å skilta Alver sine eigedomar innan utgangen av 2023. For å kunne planlegge og gjennomføre arbeidet er det behov for å setje av ei økonomisk ramme til arbeidet.

Saksopplysninger:

Det vart gjennomført eit stykke profileringsarbeid ved kommunesamanslåinga i 2020. Det vart prioritert å profilere arbeidsbilar, arbeidsklede og enkelte bygningar og område. Finansiering for å kunne setje i gang eit større arbeid knytt til skular, barnehagar, sjukeheimar, idrettsanlegg og kulturbygg var ikkje på plass. Ein sette i gang eit kartleggingsprosjekt for å få ei oversikt over dei store bygga i kommunen. Har vart det fjerna ein del gammal skilting og tatt mål for å kunne setje i gang nye bestillingar. Arbeidet vart ikkje fullstendig gjennomført då mange uføresette oppgåver i 2020 måtte prioriterast framfor dette.

Det står framleis att noko arbeid for å skaffa oversikt over behovet når det gjeldt tal, storleik og plassering av skilt.

Finansieringa som vert omtalt i denne saka skal i hovudsak dekke skilting på dei store formålsbygga til kommunen. Dette gjeld:

- Skular

- Barnehagar
- Idrettsanlegg
- Sjukeheimar
- Kulturbygg
- Driftsstasjonar
- Kommunehus og rådhus
- Aktuelle friområde

Finansieringa skal omfatte desse punkta utandørs:

- Namnsetjing og kommunevåpen på aktuelle bygningar.
- Belysning av namneskilt på bygningar der ein finn det formålstenleg.
- Informasjonstavle der det er vurdert formålstenleg ved bygningar, utandørs idrettsanlegg, friområde og tilsvarende.

Finansieringa skal omfatte desse punkta utandørs:

- Informasjonstavle ved hovudinngang og i kvar etasje der det er vurdert formålstenleg.
- Namnsetjing på avdelingar, lokale og møterom der det er vurdert formålstenleg.

Ny innvendig skilting vert vurdert til å gjelde kommunehusa på Frekhaug og Manger, rådhuset i Knarvik og driftstasjonane på Manger inkl delar av Velferdssenteret, Mjåtveit og Stølen.

Lov om offentlege innkjøp vil krevja ein anbodsprosess som tek om lag to månadar for å velja leverandør. Realistisk oppstart av sjølvé skiltinga er mot slutten av 2022 eller tidleg 2023.

Skiltinga skal følgje Alver sin grafiske profil. Prinsipp kring utforming, plassering og andre val knytt til det visuelle vert å kome attende til i samband med anbodsprosessen. Ein vil då rádføre seg med RMNF, HO og eventuelt andre aktuelle utval.

Økonomi

Utvendige skilt – store format:	3,5 mill
Innvendig skilting kommunehus/rådhus – aktuelle bygg:	0,7 mill
Innvendig skilting driftsstasjonar:	0,5 mill
<u>Uspesifisert reserve:</u>	<u>0,3 mill</u>
<u>Totalt inkl mva:</u>	<u>5,0 mill</u>

Det er vurdert at størstedelen av den praktiske gjennomføringa av skiltinga vil gå føre seg i 2023. Den økonomiske ramma kan difor fordelast slik:

2022: 1 mill inkl mva

2023: 4 mill inkl mva

Vurdering

Skilting av offentlege bygg og eigedomar er viktig både av omsyn til tilgjenge, informasjon, universell utforming og tryggleik. Vidare vil godt gjennomført skilting bidra til god omdømmebygging for kommunen.

Kommunedirektøren ser det som ein viktig del av kommunesamanslåinga å få fullført arbeidet med felles og einsretta profiliing av kommunen sine eigedomar og rår til at kommunestyret løyver ei økonomisk ramme slik den ligg føre i saka.

Arkiv: <arkivID><jpID> FA-L40

JournalpostID:

Sakshandsamar:

Dato: 22.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
030/22	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	30.05.2022
066/22	Alver formannskap	02.06.2022
	Alver kommunestyre	
025/22	Utval for helse og omsorg	31.05.2022

Byggeprogram - bufellesskap

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek byggjeprogram for nytt bufellesskap for menneske med utviklingshemming slik det ligg føre i saka.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Saka skal til uttale i helse og omsorg

Saka skal til innstilling i formannskap

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Kommunen skal tilby opphold i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester dersom dette etter ei helse- og omsorgsfagleg vurdering er det einaste tilbodet som kan gje brukaren nødvendige og forsvarlege helse- og omsorgstenester (Lov om kommunale helse- og omsorgstenester mm, §3-2 a)

Det vart i Formannsskapet i Lindås kommune 18.02.2016 samråystes vedteke prosjektmandat for utarbeiding av byggjeprogram for bufellesskap (saksnr 013/16, arkivsak 16/466). Gjennom Bustadsosial handlingsplan 2017-2021 vedteke i KO 21.juni 2017 er det lagt fram behov om etablering av sju omsorgsbustader pluss for funksjonshemma der ein av desse skal vere ein avlastningsbustad/akuttbustad.

Sidan vedteke prosjektmandat har prosjektet møtt på ulike utfordringar som har gjort at realisering av nytt bufellesskap har teke lengre tid enn planlagt.

Ved komunesamanslåinga måtte ein sjå på behova til kommunen på nytt for denne brukargruppa. Behova i dag er fem til seks omsorgsbustader pluss med tilhøyrande personalbase. Arbeidsgruppa har arbeidd vidare med byggjeprogrammet frå tidlegare Lindås kommune og gjort endringar og tilpassingar ut i frå behova til Alver kommune.

Det er eit stort behov for nye omsorgsbustader pluss (heildøgns bemanna) for gruppa funksjonshemma i Alver kommune. Per 2022 ligg dei fleste omsorgsbustadene i sentrums-område. Det er få tilbod til grupper som treng andre omgjevnader der ein i større grad kan vere skjerma frå t.d. støy og andre forstyrningar. Eit nytt bufellesskap vil føre til betre tenester og betre livskvalitet for beboarane, og vil krevje mindre ressursar totalt sett.

Behovet hjå kommunen sine innbyggjarar er definert til å vere eit nytt bufellesskap med skjerma lokalisering. I

dette tilfellet tyder det i landlege omgjevnader i ca. 10-15 min køyreavstand fra Knarvik.

Ved utvalsmøte for helse og omsorg den 22.03.22 vart saka utsett og sendt tilbake då både RMNF og HO ønska synfaring i Skarsvegen 29 samt tre alternative tomtar som har vore vurdert i prosjektet. Det vart gjennomført synfaring for RMNF den 02.05.22 og HO den 03.05.22.

Saksopplysningar:

I samband med handsaminga av saka i førre politiske møterunde kom det opp spørsmål knytt til dei alternative lokalitetane til Skarsvegen 29 og konkrete spørsmål knytt til eigedommen i Skarsvegen 29.


Utval for helse og omsorg ynskte svar på følgande:

1. Når vil moglegheitstudiet sine svar vere diskvalifiserande for vedtaket om bygging i Skarsvegen 29.
2. Mogleg innverknad frå mogleg veg frå Alversund mot området Tredalseggja via Skarsvegen 29
3. Kor stort blir tapet av dyrka/dyrkbar/landbruksland?
4. Soltihøve (årsstudie)

Under følger omtale og vurdering av dei tre alternative lokalitetane dersom denne skulle falle bort grunna Statens vegvesen si bandlegging av området. Dei aktuelle eigedommane er markerte med lilla punkt.

Gnr./Bnr. 141/1 Kvamsvegen 18

- Relativ ny reguleringsplan er vedtatt for dette området
- Området er regulert til LNF i reguleringsplan for Stølshaugane.
- Det er vurdert at det ikkje er ønskeleg å gjere dette til offentleg tenesteytingsområde då området ligg i omsynszone landbruk (fulldyrka og overflatedyrka) – i dette område er det viktig å ta vare på dyrkamark. I dialog med statsforvaltaren i samband med reguleringsplan for Stølshaugane var det klar tilbakemelding om at det ikkje var aktuelt med meir utbygging i dette området.
- Formålet er i konflikt med nasjonale og regionale føringer for lokalisering av bustader, i forhold til at en skal «oppretthalde kulturlandskapet gjennom å legge til rette for aktiv drift og ta vare på verdifull landbruksareal»
- Det er ein omfattande prosess å forsøke å få arealet omdisponert til tenesteyting. Ein må i tilfelle først få riktig formål i overordna plan, i tillegg må det detaljregulerast. Framdrifta til prosjektet vil utsetjast minimum 3-4 år.




Gnr./Bnr. 1/20 Flatøy

- Her er det ønske om en stor bustadutbygging og fortetting og ein betre infrastruktur for området - området ligg ikkje skjerma og er støyutsatt med tanke på brukarane sine behov.
- Omsynssone E39 vil trolig gjere prosessen her vanskeleg.
- Tung prosess å få dette omgjort til offentleg tenesteyting. Formålet må forankrast i overordna plan, i tillegg må det regulerast. Framdrifta vil utsettast minimum 3-4 år.
- Området har ei bustadreserve som bør sikrast med tanke på framtidig utvikling av Flatøy.



Gnr./Bnr. 326/2 Moldekleiv

- LNF – område → Krev dispensasjon fra LNF føremål (Satt av til LNF i KDP for Meland)
- Det må sikrast løyve om utvida bruk av avkjøring til fylkesveg. Per i dag er dette vanskeleg då det skal i gang med arbeid langs fylkesvegen. (NH-pakken)
- Eigedommen er ikke regulert
- Vedtatt ny fylkesveg Åldlandsvegen – Fosse – Moldekleiv
 - Ferdigstillelse tidlegast 2025?
 - Usikkerheit rundt prosesane frå VLFK som kommunen ikke har kontroll over
- Rekkefølgekrav knytt til ny fylkesveg vil utsette framdrift.
 - Deriblant at det vil bli gitt avslag på dispensasjons søknader fram til fylkesveg er ferdigstilt
 - Mogeleg ferdigstilling av bufellesskap tidligst 2027-2028



Svar på spørsmåla frå utval for Helse og omsorg:

1. Når vil mogleighetstudiet sine svar vere diskvalifiserande for vedtaket om bygging i Skarsvegen 29.

Kriteria for val av lokalitet ligg fast. Fram til i dag har Skarsvegen dei beste eigenskapane sett ut frå dei kriteria som brukargruppa har lagt fram. Difor er Skarsvegen valt som lokalitet i byggjeprogrammet som var vedteke i tidlegare Lindås kommune. No har ein sett på Alver sine behov og skalert prosjektet deretter. Difor skal byggjeprogrammet opp igjen for nytt vedtak. Det har ikkje vore tenkt at anna enn det naudsynte skal endrast. Lokaliteten ligg fast etter at SVV oppgav bandleggingssona for sidearm frå E39.

Mogeheitsstudie skal vise korleis vi på best mogeleg vis kan bruke tomta for å få på plass dei funksjonane som trengs for å bygge eit bufellesskap.

Dei behov som kommunen har for det nye bufellesskapet kan også gje gevinstar i form av høgare standard på veg, tilknyting til offentleg vatn og avløp etc.

Målet for prosjektet er å bygge et anlegg som treff brukarane sine behov på best mogeleg måte. I tillegg skal det gjerast gode tilpassingar til naboar og ålmenta.

Byggjeprogrammet er eitt steg på vegen mot realisering. I tillegg skal også forprosjekt inkludert økonomiske rammer opp til eige vedtak. Økonomi kan vere eitt av momenta som kan gjere at prosjektet stoppar opp.

Behovet for etableringa er stort og kommunen har eit krav på seg til å gje tenester til dei som treng det. Truleg veg dette tungt ved ei avgjerd.

2. *Mogleg innverknad frå mogleg veg frå Alversund mot området Tredalseggia via Skarsvegen 29?*

Dette alternativet vil ikkje bli tilrådd av SVV, då det kom dårlig ut i den samfunnsøkonomiske analysen deira knytt til utgreiing av ny E39-trase mellom Flatøy og Eikefet. Traseen mot Alversund er skrinlagt frå Statens vegvesen pr no. Kva som vil skje knytt til nasjonale vegprosjekt i framtida er vanskeleg å seie noko sikkert om. Alver kommune har vore i dialog med SVV og dei har ingen innvendingar mot at det blir starta opp arbeid med moglegheitsstudie og eventuelt detaljregulering parallelt med ferdigstilling av kommunedelplan E 39 Flatøy-Eikefettunnelen.

Dersom ein framover i tid vel å gå tilbake på konklusjonen som ligg i dag, og likevel finn ut at det er samfunnsøkonomisk forsvarleg vil også forutsetningane for vegprosjektet ha endra seg. Det vil verre ein heilt ny prosess med andre og nye hensyn som må kartleggast og vurderast om det blir aktuelt.

3. *Kor stort blir tapet av dyrka/dyrkbar/landbruksland?*

Eigedommen er registrert med 20 daa innmarksbeite. Det kan stillast spørsmål om arealet oppfyller kravet til innlandsbeite i dag. Eigedommen har ikkje vore i aktiv drift de seinaste 10-15 år og er attgrodd. Det må vurderast om til dømes skog hadde vore rettare kategori. Areal ute av drift forfall fort som jordbruksareal. Kommunen har plikt til å halde jordbruksareal i hevd dersom det ligg som LNF. Skarsvegen ligg i dag som offentleg tenesteyting.

Bilde 1 viser kva som idag er registeret som innmarksbeite og produktiv skog
Bilde 2 er flyfoto over eigedom frå 2020 og tilsvarande foto frå 2000





Skarsvegen 29 i år 2020

Skarsvegen 29 i 2000

4. *Soltihøve (årsstudie)*

Dette vil mogelighetsstudien seie noko om, men ein vil legge til rette for at bustadene blir plassert i på ein slik måte at det vil gi dei beste sol-/skuggetihøve som tomta kan gje utifrå brukarane sine behov.

Økonomi/Innsparing i drift av bufellesskap:

Et nytt bufellesskap vil kunne effektivisere drifta og redusere bemanninga med ca. 9-11 årsverk. Det er laga ein kalkyle over bemanningsbehov og lønnskostnader ved å etablere nytt bufellesskap kontra slik det er organisert idag. Ved å etablere nytt vil det vere ein innsparing pr. år på om lag kr. 2,1-2,4 millionar, avhengig av kva for ein bemanningsmodell ein vel å bruke. Skulle prosjektet igjen bli utsett med 3-4 år vil dette gi ytterlegare tapte lønnsinnsparinger på om lag 6-10 millionar. Ein har allereie kome langt i prosjektet med Skarsvegen 29 som lokasjon. Behovet for tilrettelagte bustader for målgruppa er stor. Ved ytterlegare utsetjing av prosjektet vil brukarar enten måtte vente på bustad eller det må etablerast nye individuelle butiltak som er kostbart. Netto kostnad for eit slikt tiltak er estimert til om lag 2,5 millionar kronar pr. år pr. person. Fleire av brukarane bur i dag i eldre bustader som ikkje er optimale for brukarar og tilsette. Det brukast betydelege summar kvart år på særleg tilpasning og oppgraderingar i bustadane. I tillegg kjem kostnadene til vedlikehald. Ved å bygje nytt vil det vere store økonomiske innsparingane for kommunen. Skarsvegen som lokasjon er primært valt for at brukarane skal få optimale butilhøve og tilrettelagte bustadar i omgjevnadar som vil vere med å skape tryggheit for brukaren. I tillegg vil Skarsvegen som bufellesskap fungere som eit kompetansesenter, der ein har moglegheit for tett oppfølging av de tilsette som vil gjøre at kvaliteten på tenestene vil vore betre.

Ny økonomisk ramme

Ny økonomisk ramme for byggjeprosjektet er vurdert til 36,25 mill. NOK

	oppaveleg budsjett	Endring i denne saka
Ramme ekskl. usikkerheit	22 mill. nok	29 mill. nok

ramme inkl. usikkerheit	25,3 mill. nok	36,25 mill. nok
-------------------------	----------------	-----------------

Vedlegg:

Byggeprogram
- bufellesskap

Vedlegg:

Byggeprogram – Omsorgsbustader pluss – menneske med utviklingshemming

Vedlegg i saken:

23.05.2022 Byggeprogram - bufellesskap 1742429

Arkiv: <arkivID><jpID> FA-M16

JournalpostID:

Sakshandsamar:

Dato: 16.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
067/22	Alver formannskap	02.06.2022
	Alver kommunestyre	

Manger reinseanlegg - behov for auka ramme

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek å auke den totale budsjettetramma for Manger reinseanlegg med 8 mill. kr frå 25 mill. kr til 33 mill. inkl. usikkerheit på 20% jfr vedteke investeringsreglement. Budsjettet for 2022 vert auka tilsvarende med 8 mill. kr som vert fordelt med 2,0 mill. kr på vatn og 6,0 mill. kr på avløp. Budsjettendringa vert finansiert med tilsvarende auka bruk av lånemidlar.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskap

Saka skal avgjeraast kommunestyret

Bakgrunn

Alver kommune bygger nytt reinseanlegg for avløp på Manger kai. Investeringsprosjektet er finansiert med ei ramme på 25 mill gjennom temaplan for Vatn og avløp. Prosjektet er i gjennomføringsfasen og ein ser at avsett post for usikkerheit minkar. I tråd med investeringsreglementet vert det fremma sak der kommunestyret vert bedne om å ta stilling til auka ramme i prosjektet.

Saksopplysninger:

Nytt reinseanlegg for Manger er eit viktig prosjekt for Alver kommune. Det er mykje framandvatn som lek inn i det eksisterande avløppssystemet i sentrale Manger. Nettet vert slik overbelasta og vil føre til kapasitetsproblem og til sist ei kortare levetid for anlegga. Fleire bustadområde har utfordringar med dårlige løysingar for avløp. Manger er i tillegg peika på som fortettingsområde i gjeldande kommuneplan. Det er venta vekst i utbygging og folketal i områda knytt til Manger sentrum.

Kommunen har gjennom Forurensingslova og Lov om kommunale vass-og avløpsanlegg plikt til å hindre ureining og sikre eigarskap til alle nye VA-anlegg deriblant reinseanlegg for avløp. Prosjektet vart sett på som svært viktig for Manger og innbyggjarane der.

Planlegging og prosjektering av anlegget starta tilbake i 2017. Prosjektet vart den gongen estimert til ei ramme på 15,6 millionar, men vart ikkje sett i gang før kommunesamslåinga. Gjennom kartlegginga av standarden på anlegga tidleg i 2020, såg ein behov for å setje av noko meir midlar til prosjektet. Dette med bakgrunn i usikkerheit knytt til eksisterande avløpsanlegg som skulle knytast opp mot eit nytt reinseanlegg på Manger kai. Det var også knytt usikkerheit til kor mykje som var tatt høgde for i den prosjekterte løysinga som låg føre.

Det vart lyst ut konkurranse om arbeida våren 2021. Ein hadde då tatt høgde for noko meir arbeid enn det som allereie var prosjektert. Anleggsarbeidet starta opp seinhausten '21. Ut over gjennomføringsfasen avdekkja ein at det var relativt store avvik mellom kartfesta leidningstrasear og faktiske trasear. Djupne på eksisterande ledningar var også for låg i høve til krava i VA-norma. Det vart også avdekkja eit stort omfang av dårlige ledningar som ikkje kunne nyttast inn mot det nye anlegget. Ein måtte sanere meir enn det ein hadde tatt

høgde for i planlegginga. Dette gjeld for både vass-leidningar og avløpsleidningar i området. Det manglar også overløpsmulighet på to av dei eksisterande pumpestasjonane som skal koplast saman med det nye anlegget. Dette er funksjonar som ikkje kan veldig vekk dersom ein skal få eit velfungerande anlegg når det nye reinseanlegget står ferdig. Prosjektadministrasjonen ser no at usikkerheitsposten i prosjektet minkar raskt grunna mykje tilleggsarbeid på sanering. Det er difor naudsynt å be om auka ramme for å sikre gjennomføringa av heile prosjektet.

Ramma skal dekke det som er naudsynte tiltak for å få eit velfungerande anlegg på Manger kai og at ein slepp ta opp att grøfter etc ved ei framtidig sanering av det øvrige området. Avgrensinga er sett slik for å sikre ei fornuftig avslutning av prosjektet.

Dersom ein ikkje aukar ramma til prosjektet no risikerer ein at eksisterande tilførselsanlegg hindrar at det nye reinseanlegget kan fungere optimalt og handteringen av avløpsvatn vert ufullstendig. Ein kan også risikere å måtte gjenopne grøfter i noverande anleggsområde for å ta att arbeid som ikkje kunne gjerast i samband med dette prosjektet. Dette vil vere økonomisk ugunstig og ei ekstra belastning for innbyggjarar og bedrifter i området.

I forlengelsen av prosjektet Manger reinseanlegg er det starta eit grundigare kartleggingsarbeid for å kunne legge fram rammer for eit nytt VA-prosjekt som tek for seg det øvrige området ned mot Manger kai. Dette gjeld både sanering av gamle avløpsløysingar og forsyningssikkerheit for vatn i nye ringleidningssystem. Dette for å sikre innbyggjarane rask tilgang til trygt vatn ved eit evt brot. Dette vert å komme tilbake til i eiga sak knytt til økonomiplanarbeidet 23-26.

Økonomi:

	Opphaveleg budsjett	Ny ramme i sak 117/20	Endring i denne saka	Framlegg om nytt totalbudsjett
Ramme eksl usikkerheit	18 300	23 000	6 400	29 400
Usikkerheit	1 700	2 000	1 600	3 600
Generelt ekstraarbeid grøfter og kummer, eksisterande anlegg			1 400	1 400
Huldredalen, tiltak på eksisterande pumpestasjon			700	700
Nesvatnet, tiltak eksisterande pumpestasjon/ avløpsanlegg			800	800
Mangerspollen avløpsanlegg			3 500	3 500
Sum ramme inkl usikkerheit	20 000	25 000	8 000	33 000
Alle tall i 1000 kr				

Kommunedirektøren rår til å auke ramma i prosjektet slik at anleggsarbeida kan fullførast og sikre at det nye reinseanlegget fungerer godt når det vert sett i drift ved årskiftet 2022/2023.

Arkiv: <arkivID><jpID> FA-L82

JournalpostID:

Sakshandsamar:

Dato: 16.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
068/22	Alver formannskap	02.06.2022
	Alver kommunestyre	

E39 Oval rundkjøring - kommunal del - behov for auka ramme

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

«Kommunestyret vedtek auka ramme for 2022 i prosjektet E39 Oval rundkjøring, kommunal del med 8,8 mill. Midlane skal fordelast med 6,1 mill på avløp og 2,7 mill på vatn. Prosjektet vert finansiert med tilsvarande auka bruk av lånemidlar»

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Alver kommune bygger ut kommunal del av anlegget for vatn og avløp i samband med ny oval rundkjøring på E39. Investeringsprosjektet er finansiert med ei ramme på 20,2 mill i sak 033/21. Prosjektet er i gjennomføringsfasen og ein ser at avsett post for usikkerheit minkar. I tråd med investeringsreglementet vert det fremma sak der kommunestyret vert bedne om å ta stilling til auka ramme i prosjektet.

Saksopplysninger:

Statens vegvesen er byggherre for ny oval rundkjøring på E39 gjennom Knarvik. Arbeida starta opp sommaren '21 og skal fullførast i løpet av våren '23. Alver kommune sine arbeid er del av kontraktsarbeida til Statens vegvesen. Det er Statens vegvesen som er byggherre for heile prosjektet oval rundkjøring. Det er inngått gjennomføringsavtale med vegvesenet om kostnadsfordelingar i prosjektet. Hovudfordelinga viser at vegvesenet skal dekke 90% av kontraktsarbeida medan Alver kommune dekker om lag 10%.

Undervegs i arbeidet har det vore ein del naudsnyt endringsarbeid. Dette har gjort at den uspesifiserte resvaren i prosjektet er i ferd med å ta slutt. Det er til no utført endringsarbeid for 1,2 mill innanfor eksisterande ramme. Dei ulike faseplanane framover syner at det truleg vil tilkomme endringar på vel 6 millionar innan prosjektet er ferdig. Dei største postane er lista opp i skjema under punktet økonomi. I denne saka er det i tillegg lagt til ein uføresettpost på 20 % for å sikre at det framleis er rom for å løyse utfordringar som ikkje er tatt høgde for i prosjekteringa.

Dei fleste arbeida som vert tillegg til det som er spesifisert i kontrakta dreier seg om eldre leidningsanlegg som skal koblast saman med nye rørstrekks. Her er kvaliteten tidvis så dårlag at det må leggast nye rør for å sikre eit godt fungerande anlegg frå Nordhordlandshallen mot Kvassnestemma. Grøftene krev også arbeid i og langs communal veg og omleggingar for å sikre trafikkflyt gjennom Knarvik sentrum. Tilpasningar til omsorgsbustader, sjukeheim og idrettsanlegg/parkering har også mått gjerast som endringar. Lonelva går gjennom prosjektområdet og har ført til at ein har lagt til ekstra sikring i flaumperiodar.

Økonomi:

	Opphaveleg budsjett, sak 033/21	Endring i denne saka	Framlegg om nytt totalbudsjett
Ramme eksl usikkerheit	18 500	6 600	25 100
Usikkerheit	1 700	2 200	3 900
Omlegging av veg/gangvegar ifbm grøfting		1 000	1 000
Sanering vassleidningsgrøfter		1 400	1 400
Sikring av grøfter		1 200	1 200
Auka riggkostnader		2 300	2 300
Riving Kvernhushaugane 2		700	700
Sum ramme inkl usikkerheit	20 200	8 800	29 000
Alle tall i 1000 kr			

Kommunedirektøren rår til å auke ramma i prosjektet slik at anleggsarbeida kan fullførast og sikre at det kommunale VA-anlegget fungerer frå idrettsanlegget i Knarvik til Kvassneset. Endringane ein tek no gjev eit godt utgangspunkt for handtering av avløp og sikker vasstilgang for store delar av Knarvik sentrum framover.

Arkiv: <arkivID><jpID> FE-
20, TI-&14

JournalpostID:

Sakshandsamar:

Dato: 13.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
069/22	Alver formannskap	02.06.2022
	Alver kommunestyre	

Årsmelding 2021

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek årsmeldinga 2021 for Alver kommune til orientering

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjera i kommunestyret

Lenke:

https://pub.framsikt.net/2021/alver/mr-202112-årsmelding_2021/

Vedlegg i saken:

09.05.2022 Uttale til årsmelding og årsrekneskap Alver_2021 1736046

Arkiv: <arkivID><jpID> FE-
20, TI-&14
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 13.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
070/22	Alver formannskap	02.06.2022
	Alver kommunestyre	

Årsrekneskap 2021 for Alver kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner Alver kommune sin årsrekneskap for 2021

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjera i kommunestyret

Saksutgreiing:

Etter kommunelova § 14-2, skal kommunen for kvart år utarbeida årsrekneskap og årsmelding.

Årsrekneskap vert utarbeida i samsvar med følgjande rekneskapsprinsipp, jf. kommunelova § 14-6 tredje ledd:

- a) All tilgang på og bruk av midlar i året skal gå fram av driftsrekneskap eller investeringsrekneskap.
- b) All tilgang på og bruk av midlar skal rekneskapsførast brutto.
- c) Alle kjende utgifter og inntekter i året skal takast med i årsrekneskapen for gjeldande år, anten dei er betalt eller ikkje når årsrekneskapen vert avslutta.
- d) Dersom storleiken på eit beløp er usikkert, nyttast beste estimat.

Årsrekneskapen førast i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk, jf. §14-6 fjerde ledd.

Lenke:

https://pub.framsikt.net/2021/alver/mr-202112-årsrekneskap_2021/

Vedlegg i saken:

09.05.2022 Uttale til årsmelding og årsrekneskap Alver_2021

1736046

Arkiv: <arkivID><jpID> FE-
20, TI-&14
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 13.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
071/22	Alver formannskap	02.06.2022
	Alver kommunestyre	

Finansrapport 2021

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tek finansrapport for Alver kommune 2021 til orientering

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjera i kommunestyret

Vedlegg i saken:

24.05.2022	Finansrapport Alver kommune 2021	1743769
24.05.2022	Gjeldsrapport pr. 31.12.2021 for Alver kommune	1743770

Arkiv: <arkivID><jpoID> FE-
145

JournalpostID:

Sakshandsamar:

Dato: 13.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
072/22	Alver formannskap	02.06.2022
	Alver kommunestyre	

1. tertialrapport 2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tek økonomirapport pr. 1 tertial 2022 til orientering.
2. Det vert føreteke budsjettjusteringar knytt til drift, sentrale poster og disposisjonsfond for 2022 slik det går fram av oversynet over budsjettjusteringar under. Samla auke av ramme til sektorene er 44,15 mill. kr. Dette vert finansiert med tilsvarende netto inntektsauke på sentrale poster.
3. Dei ulike postane i oppsettet under tabell koronarekneskap, vert budsjettjustert i samsvar med påløpte utgifter (både sentrale postar og driftsposter og overføring frå drift til investering). Kommunedirektøren får fullmakt til å budsjettjustere endringar gjennom året i samsvar med mottatt finansiering (auke i rammetilskott og/ eller andre koronatilskot). Ein føresetnad for å justere driftspostar knytt til Covid-19 er at det er ført på eige objekt knytt til koronarekneskap. Det skal leggjast fram oversyn over koronarekneskapen med finansiering i samband med årsmeldinga. Auken i rammetilskot som kjem fram av koronarekneskapen kjem i tillegg til auken i skatt/ rammetilskot som er foreslått i 1. tertialrapport basert på RNB 2022.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å budsjettjustere endringar knytt til busetting av flyktninger frå Ukraina i samsvar med auka inntekter. Det er forventa høgare inntekter i 2022 enn utgifter fordi fleire av busettingane skjer seint på året, og utgiftene knytt til desse vil i hovudsak påløpe i 2023. Det vert oppretta eit fond knytt til busetting av flyktninger frå Ukraina, og dei unytta inntektene i 2022 vert sett av på fondet for å kunne nyttast i seinare år. Det skal leggjast fram oversyn over inntekter og utgifter knytt til busetting av flyktninger i samband med 2. tertialrapport, og i årsmeldinga for 2022.
5. Det vert føreteke budsjettjusteringar knytt til investering for 2022 slik det går fram av "status Investering og finansiering (2A)" og "Status Investeringar (2B)." I sum vert investeringsutgiftene auka med 8,5 mill. kr til 405,8 mill. kr Endring i finansiering (netto auke 8,5 mill. kr):
 1. Bruk av lånemidlar vert auka med 7,15 mill. kr.
 2. Kompensasjon for merverdiavgift vert auka med 0,55 mill. kr
 3. Auke i overføring frå drift 0,8 mill. kr.
 4. Endringa inkluderer framlegg til endring i eigne saker vedr. følgjande prosjekt:
 - Ostereidet kunstgras
 - Rehabilitering tak kommunale bygg
 - Skilt kommunale bygg
 - Reinseanlegget på Manger
 - Oval Rundkjøring

6. Finansrapport vert tatt til orientering.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet
Saka skal avgjeraast i kommunestyret

Lenke til 1.tertialrapport:

https://pub.framsikt.net/2022/alver/mr-202204-rapport_1_tertial_2022 - framlegg/

Vedlegg i saken:

25.05.2022 Søknad om ekstra tilskot til straum og drift for 2021 og 1. 1744954
tertial 2022

Arkiv: <arkivID><jpID> FE-026, TI-&01

JournalpostID:

Sakshandsamar:

Dato: 25.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
073/22	Alver formannskap	02.06.2022
	Alver kommunestyre	

Miljøloftet - Handlingsprogram 2023 - 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune sluttar seg til Miljøloftet sitt handlingsprogram 2023-2026

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjeraast i kommunestyret

SAKSUTGREIING

Saka gjeld

Miljøloftet sitt framlegg til handlingsprogram omhandlar prioritering av prosjekt og prosessar som grunnlag for statleg og fylkeskommunal investering i den aktuelle tidsperioden. Prioriteringane har grunnlag i samla prosjektporfolio (vedlagt).

Det er naudsynt med lokalpolitisk vedtak som grunnlag for handsaminga av statsbudsjettet for 2023.

Bakgrunn

Dei økonomiske rammene i handlingsprogrammet baserer seg på byvekstavtalen for Bergensområdet 2019-2029. Handlingsprogrammet vil gjelde for heile avtaleområdet, som omfattar kommunane Bergen, Alver, Askøy, Bjørnafjorden og Øygarden.

Handlingsprogrammet viser mellom anna kva for investeringar som er forventa i dei kommande fire åra. Byvekstavtalen for 2019-2029 inneberer investeringar og støtte til drift for rundt 16 mrd. kroner totalt. Rullering av handlingsprogrammet vil skje årleg, og vil bli fremma til politisk handsaming i kommunestyra.

Denne saka gjeld den årlege prioriteringa av prosjekt som Alver kommune har lagt inn i Miljøloftet sitt handlingsprogram, no for perioden 2023 –2026.

Alver kommunestyre handsama innspela i sak 20/22: «Miljøloftet - prosjekt til handlingsprogrammet 2023 – 2026.»

Kommunestyret sitt vedtak her er innbakt i vedlagte samla framlegg til Handlingsprogram 2023 - 2026.

Styringsgruppa i Miljøloftet handsama framlegget til Handlingsprogram 2023-2026 i møte 29.4.2022.

Handlingsprogrammet vart så justert for vedtekne endringar i styringsgruppemøtet og oversendt partane/kommunane for lokalpolitisk handsaming den 16.5.2022.

Etter politisk handsaming i Alver og hjå dei andre partane, vil handlingsprogrammet bli oversendt for handsaming i statsbudsjettet for 2023.

Alver kommune sine innspel

I Prosjektporlefølje 2022 (vedlegg) finn ein omtale av dei innspelte tiltaka i Alver frå side 183 og utover til side 199, inkludert påført status i framlegget til Handlingsprogrammet :

- Fv5308 Sagstadvegen, utbetring / G/S-veg 12,6 mill i 2023, samla kostnad 30,3 mill
- Fv5452 Hillesvåg- Apalen, etablering av G/S-veg 4,1 mill i 2024, samla kostnad 18,5 mill
- Fv5452 Leknesvegen, etablering av G/S-veg, 4,9 mill i 2023, samla kostnad 6,8 mill
- Fv5456 Ostereidet, Lindsdalen, etablering av G/S-veg, 7,2 mill i 2024, samla kostnad 15,4 mill
- Fv5474 Seim, etablering av G/S-veg. 1,6 mill i 2023, samla kostnad 38 mill
- Prosjektsamling belønningsmidlar, sykkelparkering, Alver kommune 0,25 mill i 2023

Vurdering

Handlingsprogram 2023-2026 er handsama og tilrådd frå styringsgruppa for Miljøløftet og vert lagt fram for lokalpolitisk handsaming.

Alver kommune har handsama sine innspel til handlingsprogrammet 2023 – 2026 gjennom sak 20/22. Kommunedirektøren rår til at kommunestyret sluttar seg til det heile handlingsprogrammet til Miljøløftet 2023 – 2026.

Vedlegg i saken:

25.05.2022	Miljøløftet - Handlingsprogram 2023-2026	1744695
25.05.2022	Prosjektporlefølje 2022	1744696

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-C85, FA-X01

JournalpostID:

Sakshandsamar:

Dato: 19.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
043/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	31.05.2022
074/22	Alver formannskap	02.06.2022
	Alver kommunestyre	

Markeringar ved jubileum i lag og organisasjonar, og ved deltaking i nasjonale og internasjonale meisterskap

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner alternativ 1: Retningsliner for markering av jubileum i lag og organisasjonar og ved deltaking i nasjonale og internasjonale meisterskap

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Alver kommune har ikkje retningsliner for å gi gåver i samband med jubileum i lag og organisasjonar, eller for korleis ein markerer oppnådde titlar og sigrar i meisterskap. Det står fram eit behov for å vurdere eit enkelt rammeverk for problemstillingane.

Vurdering

Lag og organisasjonar markerer ofte sine jubileum med feiringar og arrangement, og dersom invitert gir kommunen ofte ei merksemd ved slike høve, til dømes ei pengegåve eller blome.

I tillegg til å generelt vurdere behov for eit regelverk, bør ein sjå om slike gåver skal gjevast berre ved visse jubileumsintervall, eller om det skal vere rom for eit mindre skjøn.

Som døme var det i Meland kommune følgjande retningsliner:

Lag og organisasjonar kan få tildelt ei gåve i samband med jubileum etter følgjande føresegn:

a) Jubileum ved faste intervall på 10 eller 25 år, etter 25 års drift – kr 5 000

b) Mindre jubileum – kr 2 000

c) Etter særskild vurdering kan ein yte jubileumsgåver opp til kr 10 000. Dette skal gjerast i samråd med ordførar.

Ordnингa i Meland la til rette for fleksibilitet knytt til jubileumsintervall og gåver. Den var ei revidering av ei eldre ordning, som var meir avgrensa når det gjeld jubileumsintervall som kommunen kunne gi gåve ved. Desse passa ikkje alltid i lag med intervalla som jubilantane faktisk markerte stort. Dette ga grunnlag for revidering til

ei meir fleksibel ordning.

Denne ordninga var tilpassa ein mindre kommune enn Alver, og det vert vurdert til at ein bør ha eit meir avgrensa perspektiv for storkommunen, med fokus på få jubileumsintervall.

Alternativ 1 under tek omsyn til desse perspektiva og søker eit balansert rammeverk, som kan handterast med omsyn til tal på lag og organisasjonar i kommunen. Ordninga er avhengig av at kommunen får informasjon om jubilé og markeringar, og er berre likebehandlande innafor sine eigne rammer. Organisasjonen får ikkje merksemdu ved oppnådd driftsalder aleine, men ved at den i tillegg aktivt markerer på ei tydeleg måte og informerer om det.

Vidare er det mange utøvarar og organisasjonar i kommunen som deltar på høgt nivå i meisterskap og liknande tilskipingar. Det vert vurdert til at ein bør etablere eit felles rammeverk for korleis kommunen følgjer opp slik deltaking, særleg med omsyn til oppnådde titlar og sigrar i meisterskap.

Det er vidare ei problemstilling knytt til korleis kommunen kan bidra til å skape engasjement og merksemdu knytt til deltaking i meisterskap. Når kommunen trekk fram einskilde lag og utøvarar, vil ein ikkje klare å fange opp alle, og somme vil kunne oppleve at dei ikkje vart gitt den merksemdua som vart gitt andre.

Likevel vert det vurdert til at kommunen bør tydeleg kunne omtale framtredande prestasjonar på ein god måte, og at dette har betydning både for deltakarar og kommunale målsettingar innan kulturfeltet.

Alternativ 1 under tek opp i seg desse perspektiva, med formål om ei balansert løysing for ein engasjert kommune.

Pengesummane i alternativ 1 er med omsyn til prisnivå, lokal tradisjon, nøkternheit og andre kommunar sitt gåvenivå.

Det er mange lag og organisasjonar i Alver. Det bør vere del av vurderinga om ein skal etablere felles regelverk eller fortsetje vurderingar frå sak til sak. Alternativ 2 under inneber ei slik vidareføring av dagens praksis.

Kommunedirektørens tilråding

Kommunedirektøren vurderer at ein kommune av Alvers storleik bør ha eit felles rammeverk for slike saker, og rår til alternativ 1. Retningslinene er liknande andre kommunar som har slike regelverk.

Alternativ 2 inneber at ein ikkje etablerer eit rammeverk for problemstillinga, men vurderer frå sak til sak.

Alternativ 1:

Retningsliner for markering av jubileum i lag og organisasjonar, og ved deltaking i nasjonale og internasjonale meisterskap

Gåver:

Lag, organisasjonar og stiftingar av frivillig og/eller ideell karakter og med kulturelt formål, kan få tildelt ei gåve i samband med jubileum etter følgjande føresegnd:

- a. Organisasjonen må sjølv informere kommunen om si markering, t.d. ved invitasjon.
- b. Markering ved faste intervall på 25 år – kr 5 000
- c. Markering av 100 års drift – kr 10 000
- d. Om representant frå kommunen deltek på slik markering kan ein i tillegg gi blomar.
- e. Ved andre markeringar der kommunen er invitert kan ein gi blomar og eventuell gåve frå lokal produsent
- f. Kvar gåve er ei konkret vurdering, og ein kan ikkje gi gåver til organisasjonar som stirr med kommunale verdiar, som t.d. diskriminering på grunnlag av livssyn, kjønn, legning eller etnisitet
- g. Etter særskild vurdering kan ein gi jubileumsgåver ved andre intervall. Vurderinga må grunngjenvæst i

kva for intervall organisasjonen elles har markert stort, og gjerast unntaksvis.

Markering ved oppnådd tittel/siger i meisterskap

Ved siger i nasjonalt eller internasjonalt offisielt meisterskap kan ein yte tilskot til deltakaren ved individuelle prestasjonar, eller til organisasjonen ved lagmeisterskap, på kr 5 000 for nasjonalt nivå og kr 10 000 for internasjonalt nivå.

Kommunen kan bidra i markering av siger i lag med utøvarens klubb eller den gjeldande lagorganisasjon ved lagmeisterskap. Kommunen kan bidra til å skape lokalt engasjement for deltaking i nasjonale og internasjonale meisterskap, i samråd med deltakarorganisasjon ved lagmeisterskap og/eller utøvar og medlemsklubb ved individuelle meisterskap. Kommunal omtale av slik deltaking skal ha eit breitt og inkluderande perspektiv.

Føresegna gjeld òg ved e-sport og større kulturelle konkurransar og tilskipingar på nasjonalt og internasjonalt nivå.

Økonomi:

Utgifter i samband med gåver og markeringar må takast høgde for innan gjeldande ramme.

Alternativ 2

Ein etablerer ikkje eit rammeverk for problemstillinga. Der ein ser ønskje om å likevel markere, vil dette bli vurdert i den einskilde sak.

Arkiv: <arkivID><jpID> FA-X03

JournalpostID:

Sakshandsamar:

Dato: 19.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
075/22	Alver formannskap	02.06.2022
	Alver kommunestyre	

Organisering av TV-aksjonane i Alver

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner alternativ 1 for Rammeverk og mandat for TV-aksjonar i Alver, slik det kjem fram av saka

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet
Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Tv-aksjonen arrangerast kvart år av NRK og utvalde organisasjonar. Innsamlinga har ei forventing til at kommunane koordinerer og dels organiserer lokalt.

Tradisjonelt har formannskapa hatt rolla med å setje lokal komite kvart år på vårparten, og avgjort kommunebidraget på hausten.

Lindås, Radøy og Meland kommunar koordinerte lokalaksjonane på ulike måtar, og grunna pandemien har ikkje TV-aksjonen vore gjennomført på normalt vis i Alver. I 2020 var den heildigital, mens i 2021 la kommunen til rette for at ein kunne gi kontantbidrag ved ein rekke plassar.

I 2022 er oppmodinga til kommunane at aksjonen igjen vert gjennomført med tradisjonell bøssebering. Alver kommune bør etablere eit rammeverk for tilhøvet til TV-aksjonen.

I Lindås kommune gjennomførte lag og organisasjonar lokale innsamlingar i dei ulike bygdene. Dette var koordinert mellom anna av Lindås frivilligsentral, no Knarvik frivilligsentral, politisk nivå og andre avgrensa administrative ressursar.

I Radøy kommune var dagens kommunehus senteret for innsamlinga, koordinert av politisk nivå og avgrensa administrative ressursar.

I Meland kommune vart aksjonen lokalt gjennomført av politisk nivå i dei ulike skulekrinsane, med avgrensa støtte frå administrative ressursar.

Det eksisterer ikkje ein etablert felles metode for heile Alver.

Vurdering

Kontantbruk i samfunnet og digitale innsamlingsmetodar

Framtida for den tradisjonelle bøsseberinga er usikker. TV-aksjonen har ambisjon om at denne delen av innsamlinga skal fortsetje som ein sentral del av aksjonsarbeidet. Samstundes går kontantbruken i samfunnet nedover.

Under pandemien har digitale bøsser vorte populært, der bøsseberaren samlar inn til saka gjennom innsamlings- og spleisetenester på nett, som TV-aksjonen samarbeider med. Ein kan òg bidra digitalt på andre vis, ved mobiloverføring, sms, bankoverføring eller kortbetaling.

TV-aksjonen framstiller ikkje innsamlingsstatistikk med kontantar som eige tema. Statistikken har med *bøsser*. Innsamla midlar per innbyggjar (frå alle kjelder) har vore:

År	Kr. per innb Alver	Kr. per innb. Noreg
2018	46	36
2019	43	44
2020	35	46
2021	34	49

Innsamla midlar i Alver var kr 1 mill i 2021 mot 1,35 mill i 2018. For landet som heilskap vart det samla inn meir midlar i 2021 enn i 2018. Ein har ikkje kunnskap om kvifor utviklinga i Alver har utvikla seg motsett av landsgjennomsnittet.

Til samanlikning har Askøy eit lågare resultat per innbyggjar enn Alver, og tilsvarande nedgang over tid. Øygarden snudde nedgangen i 2021 til eit høgare resultat enn Alver, mens Bjørnafjorden har eit svært høgt innsamlingsnivå over fleire år. Ein har ikkje kunnskap om korleis organiseringa i dei andre kommunane påverker resultata.

Ein grunnleggande del av vurderinga for Alver bør vere om (1) Alver skal ta sikte på ei større felles organisering av bøsseberar i det heile, (2) koordinere bøssebering, men evaluere om nokre år, eller (3) ikkje ta eit ansvar for bøssebering, men kombinere digital innsats med moglegheit for å gi kontantbidrag ulike plassar i kommunen, slik som i 2021.

Ressursar til gjennomføring av TV-aksjonen

Det var stor ulikskap mellom dei tidlegare kommunane når det gjeld korleis dei koordinerte og støtta lokale innsamlingar, med Lindås som den mest omfangsrike. Her samarbeidde frivilligcentralen med lag og organisasjonar om å gjennomføre innsamlinga ved ei rekke innsamlingspunkt, saman med politisk nivå og andre administrative funksjonar. Frivilligcentralen hadde direkte ansvar for innsamlingspunktet i Knarvik.

Denne organiseringa bidrog til at bygdene var deltakande i gjennomføringa av innsamlinga i sitt område, men var ressurskrevjande og batt opp betydelege tidsressursar for frivilligcentralen i Knarvik i månadene i forkant av aksjonen.

Ei vanleg formulering av hovudformålet for frivilligcentralar er at den skal stimulere til frivillig innsats og vere eit bindeledd mellom offentleg og frivillig sektor. Vurderingar knytt til TV-aksjonen i Alver bør inkludere om tida Knarvik frivilligcentral har nutta på innsamlinga kan komme lokal frivilligheit til gode på andre måtar.

I Radøy hadde ein eitt innsamlingspunkt på dagens kommunehus, i regi av politisk nivå og avgrensa administrative funksjonar. Bøsseberarar registrerte seg her, fekk tildelt bøsse og leverte tilbake same plass.

I Meland organiserte utvalsleiar for Utval for levekår innsamlinga, og medlemmane i utvalet fordele fem innsamlingspunkt mellom seg, rekrutterte og bemanna punkta på dagen. Administrative funksjonar hadde mindre støtteoppgåver knytt til aksjonen.

Eit mål om å etablere liknande organisering som i tidlegare Lindås på Radøy og Holsnøy/Flatøy, i eit samarbeid med lag, organisasjonar og eventuelt FAU-ar, vil krevje dedikerte prosjektressursar. Det vil vere risiko for at frivilligheita ikkje ønskjer å delta på ein slik måte, eller at spørsmålet vil trenge tid for å vekke eit eventuelt latent engasjement i organisasjonslivet i desse delane av kommunen.

I ei tid med stadig lågare kontantbruk og eit mangfold av digitale løysingar, vil ei slik investering kunne ha ein relativ kort gevinsthorisont. Totalt har ein behov for å rekruttere og organisere 420 – 430 bøsseberarar over heile kommunen.

Det er ikkje ressursar innafor eksisterande ramme ved frivilligentralane på Manger og Frekhaug til å ta ansvar for arbeid knytt til TV-aksjonen. Det same er gjeldande for andre ulike administrative funksjonar. Knarvik frivilligentral har brukt ressursar på TV-aksjonen, som kan komme lokal frivilligkeit til gode på andre måtar, og som ikkje vil strekke til for heile kommunen. Heilskapleg innsats knytt til TV-aksjon i storkommunen Alver er ei omfangsrik oppgåve, som ikkje utan vidare kan gjerast i tillegg til andre eksisterande arbeidsoppgåver.

Alver kan seiast å ha arva ein tradisjon; der kommunen før hadde ein koordinerande innsats ved TV-aksjonen i eit oppgåveomfang som var meir oversiktleg og avgrensa, får ein i storkommunen ansvar for eit omfang som krev større ressursar på ein annan måte enn før.

Tal på innsamlingspunkt

For å kunne gjennomføre tradisjonell TV-aksjon innanfor ei realistisk ramme, bør ein i tilfelle konsentrere seg om eit avgrensa tal innsamlingspunkt. Desse bør kunne endrast ved behov, etter vurdering av innsamlingskomiteen. Færre innsamlingspunkt vil kunne medføre at den lokale forankringa og kunnskapen om innsamlinga vert svakare, men hindrar ikkje at organisasjonar som ønskjer det kan organisere sine eigne lokale innsamlingspunkt i tillegg til dei kommunale.

Det kan bli lengre reise til innsamlingspunktata for ein del bøsseberarar, som kan medføre lågare deltaking og meir persontransport. Usikkerheit knytt til rekruttering av bøsseberarar eksisterte likevel òg i dei tidlegare kommunane.

Innsamlingspunktata kan i liten grad bemannast av kommunalt tilsette innanfor gjeldande ramme, og det er behov for frivillige som bemannar desse punkta, eventuelt i samarbeid med politisk nivå. Frivillige treng opplæring, og ein må vise særleg varsemd knytt til transport av kontantar. Sistnemnde risiko er i liten grad tydeleg vurdert i TV-aksjonssystemet, og i det minste må politiet informerast om når transportane finn stad, som tidlegare. Ein bør vurdere om ein i det heile kan påleggje frivillige eller kommunalt tilsette å transportere større mengder kontantar i usikra bilar.

Ein bør legge til grunn at lokalt engasjement må vere til stades for at kommunen kan følgje opp TV-aksjonen.

Kart- og rodeoversikt er tilgjengeleg i Nordhordlandskart for Holsnøy/Flatøy, og ein bør sikre at rodeoversiktata for resten av kommunen er godt tilgjengeleg for innsamlingspunktata og sikra for framtidige TV-aksjonar. I første rekke vil ein måtte basere seg på at rodekarta ikkje er tilgjengeleg etter ein heilskapleg og felles mal. Dette vil krevje ein viss kunnskap knytt til TV-aksjonens bakgrunn i dei ulike delane av Alver, noko som kommunen må bidra med.

Ein kan legge opp til at kommunen ikkje har behov for å setje ned ein ny komite kvart år, men at ein deltek så lenge det er aktuelt og tenleg. Kommunebidraget må likevel definera i eiga handsaming.

Det ligg i saka ein grunnleggande aksept for at ikkje alle hustandar er sikra besøk av ein bøsseberar. Dei praktiske erfaringane fra 2021 var gode, sjølv om det totale innsamlingsnivået var lågare enn tidlegare, der ein i staden for tradisjonell bøssebering la til rette for eit visst tal fysiske punkt for kontantbidrag.

Kommunedirektørens tilråding;

Kommunedirektøren tilrår alternativ 1 under, med eit tal fysiske bøssepunkt for kontantbidrag. I dette alternativet vil ein ikkje gå for ein større tradisjonell bøsseaksjon. Etablering av ny organisering av bøsseaksjon for Alver vil krevje ressursar utover ramme, og utviklinga av kontantbruk i samfunnet tilseier at tradisjonell bøssebering gradvis vil få ei mindre rolle.

Om ein vel alternativ 2, vil dette medføre behov for auka prosjekttressursar utover dagens budsjetttramme. Alternativet vil innebere færre innsamlingspunkt enn tidlegare. Ein må komme tilbake med ei nærmare vurdering av kostnadene, men ein tidleg berekning vil ligge på kring eit halvt årsverk.

	Alternativ 1	Alternativ 2
Etablering av komite		
Fremjing og promotering av TV-aksjonen		
Avhengigheit av lag og organisasjoner		
Gjennomføring innafor gjeldande ramme		
Opning for lokalt bøsse-initiativ		
Gjennomføring av full bøsseaksjon		

Rammeverk og mandat for TV-aksjonar i Alver

Forskjellane i alternativ 2 er markert med parentes

Alternativ 1

Kommunen etablerer innsamlingskomité knytt til TV-aksjonar. Komiteen inkluderer frivillige engasjerte organisasjoner, politisk nivå og avgrensa administrative funksjonar. Komiteen har i første rekke ei førebuande rolle.

Kommunen promoterer TV-aksjonen aktivt, fremjar digitale innsamlingsløysingar og legg til rette for eit mindre tal fysiske plassar der innbyggjarar kan gi kontantbidrag i tilknyting til aksjonsperioden.

Kommunens oppfølging av TV-aksjonen er avhengig av engasjementet blant lokal frivillighet.

Kommunen legg til rette for lokale der det trengs, og sikrar kommunikasjon og promotering mellom anna på sosiale medium.

Kommunen og komiteen i samråd må sikre at innsatsnivået kan handterast innafor gjeldande budsjetttramme.

Dersom organisasjoner ønskjer sjølv å organisere lokale innsamlingspunkt, kan komiteen vurdere korleis ein kan støtte dette.

Ein må til ein kvar tid vurdere tryggleik til frivillige og tilsette, mellom anna med omsyn til kontantransportar.

Alver formannskap handsamar eventuelt kommunebidrag i forkant av kvar TV-aksjon.

Alternativ 2

Kommunen etablerer innsamlingskomité knytt til TV-aksjonar. Komiteen inkluderer frivillige engasjerte organisasjonar, politisk nivå og avgrensa administrative funksjonar. Komiteen har i første rekke ei førebuande rolle.

Kommunen promoterer TV-aksjonen aktivt, fremjar digitale innsamlingsløysingar og legg til rette for fysisk bøssebæring. Kommunen og komiteen evaluerer behovet for fysisk bøssebæring etter slik kontandelen av innsamlinga utviklar seg (**forskjell**)

Kommunen legg i utgangspunktet til rette for eit mindre tal innsamlingspunkt i Alver. Innsamlingskomiteen kan vurdere og endre desse etter erkjent behov. (**forskjell**)

Innsamlingspunktta må i første rekke bemannast av frivillige organisasjonar, eventuelt i samarbeid med politisk nivå. (**forskjell**)

Dersom organisasjonar ønskjer sjølv å organisere lokale innsamlingspunkt, kan komiteen vurdere dette. (**forskjell**)

Kommunens oppfølging av TV-aksjonen er avhengig av engasjementet blant lokal frivillighet.

Kommunen legg til rette for lokale der det trengs, og sikrar kommunikasjon og promotering mellom anna på sosiale medium.

Kommunen og komiteen i samråd må sikre at innsatsnivået kan handterast innafor gjeldande budsjetttramme.

Ein må til ein kvar tid vurdere tryggleik til frivillige og tilsette, mellom anna med omsyn til kontantransportar.

Alver formannskap handsamar eventuelt kommunebidrag i forkant av kvar TV-aksjon.

Arkiv: <arkivID><jpID> FE-033, TI-&00

JournalpostID:

Sakshandsamar:

Dato: 25.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
076/22	Alver formannskap	02.06.2022
	Alver kommunestyre	

Politisk styringsstruktur og reglement - evaluering

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren fremjar ikkje framlegg til vedtak – politisk sak/prioritering

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Alver kommunestyre gjorde i sak 167/21 følgjande vedtak:

1. Formannskapet set ned ei gruppe på sju medlemmer for å utarbeide framlegg til evaluering av politisk styringsstruktur og reglement.
2. Til å utarbeide framlegg til oppdatert politiske styringsstruktur og reglement, veljast: Leiar: Øyvind Oddekalv vara Nina Bognøy Nestleiar: Astrid Aarhus Byrknes vara Asle Hetlebakke Medlem Thomas Larsen vara Nils Marton Aadland Medlem Sølví Knudsen vara Leif Taule Maria Færø vara Morten Klementsen Medlem Leif Johnsen vara Sveinung Toft Medlem Nina Øvreås vara Esben Helland
3. Framlegg til ny politisk styringsstruktur og reglement skal til høyring i råd og utval, samt relevante lag og organisasjoner.
4. Gruppas konklusjonar, etter høyringa, skal vere klar til handsaming i formannskapet 2.6.22

I same sak vart det peika på at følgjande tema skulle være del av utgreิงa:

- Tal medlemmar i kommunestyret, formannskap og andre utval/råd
- Kva utval skal vi ha?
- Fordeling av oppgåver og fullmakter mellom kommunestyret, formannskap, utval og råd.
- Eventuelle økonomiske konsekvensar skal synleggjera
- Eventuelle andre tema knytt til gjeldande styringsstruktur og reglement

Vurdering

Før ny valperiode ønskte kommunestyret at den gjeldande politiske organiseringa gjennomgås og vurderast opp mot dei erfaringane vi har. Diskusjonane i gruppa, som enda utan konsensus, har i hovudsak vore knytt til tal representantar i kommunestyret og tal utval. Dette vert nærmare belyst i vedlegg som følgjer framlegget til politisk styringsstruktur.

Framleggget til politisk styringsstruktur har vore til høyring. Det kom inn svar frå eit politisk lag, ein privatperson og frå politiske råd og utval. Høyringssvar har vært til del av grunnlaget for arbeidsgruppa sin handsaming.

For å synleggjere kva kostnad som er knytt til politisk deltaking har administrasjonen nytta gjennomsnittstal basert på eksisterande fordeling mellom politikarar i kommunestyret, som er tilsett i Alver kommune, og andre som krev godtgjering for tapt arbeidsforteneste. I eit konkret kommunestyremøte har vi notert oss følgjande:

- 15 som krev tapt arbeidsgodtgjering (om lag kr 4.000,- i kostnad per repr/dag)
- 11 som er tilsett i Alver kommune (ikkje godtgjering for tapt arbeidsforteneste, men arbeidsgjevar kan få utgiftar til vikar, om lag kr 2.800,- per repr/dag).

26 (ca 55 %) av 47 kommunestyre får derved dekka tapt arbeidsgodtgjersle eller kommunen har kostnader til vikar. Som ein konsekvens av at det vert endra tid for oppstart av kommunestyremøta frå kl 12.00 til 09.00 om morgonen, vil kostnadane knytt til tapt arbeidsgodtgjering/bruk av vikar, auke. Usikkert anslag, men vi kan truleg forvente ei auke med 1/3 av nåverande kostnader knytt til kvart kommunestyremøte, tilsvarende kr 30.000,- per møte ved 47 representantar. Om ein nyttar same utrekning for Uval for helse og omsorg, Utval for oppvekst, kunnskap og kultur samt for Utval for næringutvikling og drift, vert tilsvarende tal kr 20.000 per «møterunde». Formannskap, Utval for areal, plan og miljø har allereie heildagsmøte. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Eldreråd er tillagt lite vekt i denne samanhengen. Total auka kostnad per år i eksisterande struktur er da anslått til kr 480.000/år ved å starte møta kl 09.00.

Konklusjon knytt til endra tid for møtestart (kl 09.00): Dersom kommunestyret vel å behalde dagens struktur, må budsjettet styrkast med ca kr 500.000/år. Tilsvarende tal ved 41 reresentantar er kr 436.000,- og ved 35 representantar kr 372.000,-. Beløpet er meint å dekke auka kostnader til tapt arbeidsforteneste og vikar for tida mellom 09.00-12-00.

Konklusjonar knytt til endra tal medlemmer/utval:

Eksempel med 41 representantar og to utval + formannskap, sum innsparing kr 755.000,-

6 færre representantar, kr 610.000,- i redusert godtgjering/år (tapt arbeidsforteneste og møtegodtgjering)

2 færre møteleiarar, kr 145.000,-/år

Eksempel med 35 representantar og to utval + formannskap, sum innsparing kr 1.366.000,-

12 færre representantar, kr 1.221.000,- i redusert godtgjering/år (tapt arbeidsforteneste og møtegodtgjering).

2 færre møteleiarar, kr 145.000,-/år

Administrative kostnader kjem i tillegg:

Lokaler, mat/kaffe, sekretariat, kjøregodtgjering, og andre legetimerte utgifter til omsorgsoppåver med meir. Desse utgiftane er knytt direkte til tal representantar.

Forutsetningar for utrekninga: Det er nytta godtgjersle per 1.1.2022, fordeling mellom tilsette politikarar i kommunen og andre vil variere, løn som utgangspunkt for tapt arbeidsgodtgjersle vil også variere og det vil sjølv sagt også variere kor mange som må erstattast med vikarar. I tillegg er det lagt inn ei føresetnad om at gjennomsnittsrepresentanten deltek på 20 møte per år – det varierer mellom 15 og 25 møter/år. Tala er meint å skulle være ei hjelpe til å rekne på kva som er mogelege innsparinger knytt til endra politisk styringsstruktur – og berre det, i tråd med kommunestyrets tinging i desember 2021.

Lenke til:

Forskrift om godtgjersle: <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2020-11-26-2654>

Gjeldande politisk styringsstruktur:

<https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoymingar/styringsdokument/>

Vedlegg i saken:

25.05.2022 Heilskapleg forslag 35 repr
25.05.2022 Heilskapleg forslag 47 repr

1744950
1744951

Arkiv: <arkivID><jpID> FE-033

JournalpostID:

Sakshandsamar:

Dato: 16.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
077/22	Alver formannskap	02.06.2022

Melding/orientering til formannskapet 02.06.2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i formannskapet

Meldingar/orienteringar:

- Høyringsuttale - Bedre polititenester og beredskap – notat vert ettersendt